

# Betre hjelpetiltak i barnevernet – fokus på foreldrerettleiing



Foto: Marion Therese Runshaug Vik

## Bakgrunn

Tiltaksarbeidarar i barnevernstenesta er ofte åleine, eller er blant få tilsette i små kommunar. Vi ønskjer å danne eit fagleg nettverk, ha fagdagar og samarbeide om ekstern rettleiing. Dette for å heve kompetansen i barnevernstenesta sine eigne rettleiingstiltak.

## Målgruppe

Tiltaksarbeidarar i kommunale barnevernstenester i gamle Sogn og Fjordane.

## Hovudmål

Barnevernstenestene skal få betre hjelpetiltak å tilby familiar.

## Kva skal vi utvikle?

Vi skal etablere og drifte eit fagleg nettverk for tiltaksarbeidarar. Nettverket skal legge til rette for felles kompetanseheving og erfaringsdeling.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Britt Remme, e-post [Britt.Remme@stad.kommune.no](mailto:Britt.Remme@stad.kommune.no)

Marita Nesje, e-post [Marita.Nesje@gloppen.kommune.no](mailto:Marita.Nesje@gloppen.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Stad, Gloppen og Stryn, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland.

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)